

VARHAUGBUEN

SOMMAR MED 4 H
SIDE 10 - 11

FLAUMSIKRING
SIDE 24

KINESISK I VARHAUGBUEN
SIDE 28



TALLSHIP RACE
SIDE 6 - 7



Sjur Håland

FK-VERKSTADEN FYLLER FEMTI ÅR

Før Felleskjøpet Rogaland Agder fekk traktorverkstad på Varhaug, var det Harald Odland som reiste ut til bøndene - på jordene eller i løene - for å fiksa maskinene der dei stod. No er det gått fem tiår sidan anlegget midt på Jæren vart etablert, og jubileet skal markerast.

Sjur Håland

Det er ein liten, men viktig bit av jærsk landbruks-historie som skal feirast tysdag 9. september.

- Det blir aktivitetar, markering og feiring saman med kundar, familieane deira og andre som vil ta turen innom oss denne dagen, fortel Lenita Salte, butikkmedarbeidar hjå Bondekompaniet på Varhaug.

Starten

I 1975 var Harald Odland 25 år gammal og ein av tre mobile servicefolk i heile Felleskjøpet Rogaland. Femti år seinare møter eg han heime på Odland for å få han til å fortelja om pionertida.

- Eg skal berre skifta klede, seier han og smiler, før han viser veg inn døra.

I gode seter rundt sofabordet går praten snart tilbake til ei tid då HMS var eit ukjent omgrep. Landbruket var i vekst; Stortinget hadde vedteke ein plan for å auka inntektene til bøndene, og unge gardbrukarar satsa friskt. Løer vart bygde, siloar støypte - og traktorane vart større.

Frå hest til hestekrefter

Hestekreftene kom nå frå motorar med både 40 og 70 hestar under pansera. Desse maskinane trong jamleg service, og når clutch, girkasse eller vasspumpe rauk, var det berre ein ting å gjera. Ringa servicemannen. FKRA hadde tre servicebilar - éin i Haugesund og to i Stavanger - der den eine køyrde i Ryfylke og den andre mest på Jæren, men òg til Dalane og Ryfylke når det trongst.

- Det var lange og travle dagar, men eg likte meg godt, seier Harald.

Så kan me berre sjå føre oss kor strevsamt det må ha vore. Men Harald mangla verken mot, vilje eller kunnskap. Og han klaga ikkje om han måtte eta brødiskivene i matpakken med hydraulikkolje på nevene.

Verkstad i tunet

Om ein traktor måtte kløyvast for å få arbeidet gjort, så gjorde han nettopp det. Ei vanleg veke kunne bety at han først reiste til Sokndal og hadde ei overnatting der etter ein lang dag med reparasjonar og service. Så til Moi eit par dagar før han reste til Sirdal og tok dei reparasjonane som var bestilte der.

- Det var gildt å vera ute på desse oppdraga. Eg likte meg godt, seier han.

Verkstaden var ute på jordet, i tunet eller i løa. Og der var det slett ikkje alltid betongdekke. Det hendte meir enn ei gong at vekta på løftebukken vart så stor at golvplanken brast.

SpareBank
SØR-NORGE **1**



S I B Y G G
NORRØN GRUPPEN

- Og så var jo desse løene gjerne sparsamt utstyrte med lys, så det var å arbeide i halvmørkeret, fortel Harald.

På denne tida var Varhaug mest som ein utpost å rekna. I 1971 kjøpte FKRA saman med det lokale halmlutingslaget Varhaug Mølle. Året etter stod ei ny mølle klar, og ledig tomteareal her vart etter kvart aktuelt for ein liten verkstadbygning.

- Fire vegger av isolerte betongelement og to vippeportar på fire gonger fire meter, bygd av Felleskjøpet sine eigne tømrrarar. Alt så rimeleg som mogleg, hugsar Harald.

Portane var så tunge at ein måtte ta sats for å få dei opp. Det blir fortalt at Felleskjøpet sin direktør, Jone Vadla, var nær ved å få ein av portane i hovudet under ein inspeksjon.

Enkel standard - store oppgaver

Lokalet var enkelt, men gjorde at Harald ikkje trong stå ute med dei største reparasjonane. Om vinteren var det likevel bitande kaldt.

- Etter kvart vart det hengt opp ei vifte på eine veggen. Dermed var det mogleg å unngå at verktøyet rusta og det vart råd å halde lokalet over frysepunktet vinterstid, ler han.

Den første tida brukte han verktøyet i bilen også inne, men etter kvart fekk han verktøy å henga på veggen og ein søyleboremaskin i den vesle verkstaden. I starten var det stort sett Volvo BM traktorar til landbruk og industri som galdt. Ikkje lenge etter kom John Deere-traktorane inn i Felleskjøpet sitt sortiment.

- Desse kom frå fabrikkjen utan veltebøylar eller førarhus montert, så eg hadde mykje arbeid med klargjering av desse traktorane. Arbeidsmengda auka og det vart tilsett to til på verkstaden.

Seinare tok Harald Odland faglærarutdanning på landbruksmaskinhøgskulen og fekk stilling som serviceinspektør i Felleskjøpet Rogaland Agder.

Takk til Bondevennen for løyve til gjenbruk i Varhaugbuen.

VERKSTADEN I DAG

I dag, femti år etter at dei tunge portane vart opna, er verkstaden framleis eit sentralt servicepunkt for bønder frå midtre Jæren og sørover til Agder-grensa.

Verkstadleiar Magne Feed har i dag ansvar for sju tilsette, inkludert to lærlingar, som utfører service og reparasjon på John Deere-traktorar, reiskap og andre maskiner frå Felleskjøpet sitt sortiment.

- Her har me også eit stort delelager, seier Feed.

Verkstaden reparerer hydraulikkslangar og sel både traktor- og bildekk. Med to servicebilar dekkjer dei alt frå midtre Jæren til Agder-grensa, inkludert Sira og Sirdal. Om sommaren deler dei vakttenesta med verkstaden på Klepp.

Frå verkstad til butikk

Opphavleg var Varhaug berre meint som ein rein verkstad. Men i 1977 flytta den første traktor-seljaren, Asbjørn Dyngeland, inn, og året etter starta ein liten butikk for rekvisita, delar og landbruks-utstyr. I 1983 vart nabobygget kjøpt inn - det er her Bondekompaniet held til i dag.

SNART FLYTTING?

Men dagane på den gamle tomta kan vera talde. FKRA har sikra seg tomt i Tjemslandsmarka, men kva tid bygging og flytting skjer, er usikkert.

- Store investeringar tek tid, og mykje må klaffa, seier butikksjef Bjarte Kydland. – Hadde det vore opp til meg, hadde me flytta i morgon. Her ligg me litt gøymde for dei som ikkje er lokalkjende, og me kunne hatt både meir plass og meir moderne lokale til butikk og verkstad.

Få år fram

Direktør maskin hjå Felleskjøpet Rogaland Agder, Einar Bent Jensen, seier til Varhaugbuen at Varhaug og Bryne er dei to konkrete prosjekta dei har i planane med nye anlegg.

- Først Bryne, så Varhaug. Å tidfeste det nøyaktig er ikkje enkelt, men me snakkar om få år fram.



Rogaland BU stakk av med både 1 og 3 plass i NBU mesterskap i fotball!

LANDSSTEVNE I OPPLAND, GAUSDAL 2025

I uke 29 kvart år er det duket for landsstevnet i Norges Bygdeungdomslag. I år var me ifrå Varhaug bygdeungdomslag godt representerte. Rogaland tok med seg mange premier og pallplassar heim ifrå tevlingane. Under uka var det konserter kvar dag,

og ikkje minst moglegheita til

å bli kjent med mykje nye folk frå heile landet. Nå startar gjengen i Rogaland BU å planlegge og promotere Landsstevne 2026 som skal være i Rogaland!! Her er det moglegheit for mange engasjerte varhaugsbuer å gå dugnad, delta på tevlinger eller som stevnedeltaker. Me sjååast!



Oddbjørn Slettebø (Bjerkreim) og Live Skretting (Varhaug) som tevlr i finalen i Landkreditt Swingtevlng. De sikret til slutt en 5 plass i junior klassen



Fra venste: Nathalie Skurve (Gjesdal) og Helle Skretting (Varhaug) stakk av med 3 plass i NBU mesterskap i kokkekamp senior



Frå venstre: Sondre Malmin (Varhaug) og Gunnar Tunheim (Orre) som promoterer og selger t-skjorte får Landstevne i Rogaland i 2026!



Gunslingers konsert i storteltet for alle! Bare 1 av mange gode artister som spilte i løpet av uka!

EI HELSING FRÅ BYPRESTEN I SANDNES

Som tidlegare sokneprest i Varhaug; og no byprest i Sandnes, vart eg spurd av Liv om eg kunne dela nokre ord om tenesta eg no står i. Så her kjem den:

Eg starta opp i Bypresten januar 2024, så eg har alt vore tilsett i drygt 1,5 år. Eg trivst godt, og finn tenesta særst gjevande og meningsfull.

Bypresten er Den norske kyrkja sitt arbeid blant rusmiddelavhengige i Sandnes, og er difor også eit diakonalt arbeid som går ut frå alle kyrkjelydane i Sandnes prosti. Av same grunn inviterer vi oss sjølv ut til alle kyrkjelydane i Sandnes minst ein gong i året. Då bidreg vi med preike, liturgiske oppgåver, og fortel frå arbeidet vi står i. Varhaug kyrkje har også tradisjon for ei årleg ofring til Bypresten i Sandnes sitt arbeid, og dei to siste åra har eg hatt glede av å leia dei gudstenestene her i Varhaug. Det er flott at vi her i Varhaug også kan støtte dette arbeidet, då fleire frå Jæren også strevar med rus, og trekkjer inn mot større miljø i byane.

I Bypresten er vi tre tilsette: prest Frode Helvig, diakon Karine Torvanger, og underteikna som skriv denne helsinga. Bypresten har vore til stades i Sandnes i over 20 år, og heilt frå starten har rusmiljøet i byen vore det store satsingsområdet. Vi er ofte ute i bybiletet, og vitjar «Benken» på Ruten fleire gonger i veka. I tillegg er vi salskontor for gatemagasinet *Asfalt*, og har ope kontor kvar dag frå klokka 10 til 12. Då får alle som kjem inn tilbod om ein kopp kaffi, og ofte også noko å bite i.

Vidare arrangerer vi «*Dagslaget*», som er eit lågterskel arbeidstilbod hjå oss kvar tysdag og torsdag. Her kjem brukarane til frukost i Bypresten sine lokale mellom klokka 09 og 09.30, før dei vert sende ut i arbeid. Det er stort sett søppelplukking vi set dei til, og dei får nokre kroner inn på konto etter endt arbeidsdag.

I tillegg kan eg nemne vårt arbeid på Gand og på Vågen vidaregåande skular. Her er vi trygge vaksne i miljøet, og tilbyr gjerne samtalar eller finn på meningsfulle aktivitetar saman med elevane. Det er å vona at også dette arbeidet kan ha ei rusførebyggjande verknad.

Til sist vil eg nemne «*Hverdagsmessa*» vi arrangerer i Sandnes kyrkje kvar onsdag klokka 13. Dette er ei open gudsteneste der alle som har høve kan kome, og der lystenning og nattverd er viktige element. I gudstenesta vert rusmiljøet særleg invitert, og frivillige pensjonistar har laga god kyrkjekaffi etterpå.

Om nokre lesarar av Varhaugbuen vil støtta Byprestens arbeid er vi takksame for gåver. Sjølv om vårt arbeid ligg under kyrkja i Sandnes, gjer vi eit arbeid som ikkje er lovpålagt, og vi er difor avhengige av å samla inn mykje av midlane våre sjølv. Vippsnummeret til Bypresten er #117320. Alt godt og Guds signing over hausten!

Helsing Jan Erik Westen, Byprest i Sandnes.



FRÅ REDAKSJONEN

I skrivande stund er eg rekonvalesent. Eg har endeleg vore i Bergen, og fått ny hjarteklaff. Og i tillegg har eg fått sett inn ein pace-makar, så då skulle eg vel vera godt rusta for dei neste åra?


Eg hadde eit godt opphald i Bergen; det var jo ikkje så mange dagane. Opp tirsdag, operasjon onsdag og torsdag, og så heim igjen på fredag. Og nå slit eg berre litt med tolmodet. Kjem berre ikkje på kor gamal eg er. Trudde nok at eg skulle vera like sprek som før, med ein gong, men må nok berra ta tida til hjelp.

Då er det godt å ha basaren til bygdekvinnelaget, og ikkje minst Varhaugbuen å vera oppteken av.

Takk til alle som har levert stoff til bladet. De æ greie!

Me har hatt ein flott sommar, og ikkje minst haust. Og skjeldan har eg sett så mange fine åkrar og potetstykke, som i år.

Reknar med at skurden nå er over. Og så er det berra å håpa på ein turrare haust enn i fjor.



TALL SHIP RACE - FOR EI REISE!

Eg er så heldig å ha fått vere med ti dagar på Tall Ships Races, frå 21.juli - 30.juli. Eg segla med Christian Radich og eit supert crew - og med meg hadde eg seks flotte ungdomar. Fytti grisen så heldige me var som fekk denne moglegheita!

Tusen takk til Hå kommune, tusen takk til foreldra for lånet og takk til crewet på Christian Radich for gjestfridom, lærerike dagar, god mat og overraskande god søvn i hengekøylene!

Me starta i Aberdeen hamn, med opplæring i alt frå knutar til trygg klatring i mastene. Om bord gjekk ungdommane inn i ein rotasjon med to firetimersvaktar i døgnet. Dei gjekk brannvakter, stod i utkikken, eller drog i tau for å heisa og fira seil og flytta dei hit og dit.

Det heile starta nervepirrande - me kom ikkje i gang etter planen frå Aberdeen, men vinden tok seg heldigvis opp og farten auka. Dette var derimot ikkje til fordel for Brede, som vart skikkeleg sjøsjuk. Christian Radich på ein sterk 2. plass i regattaen - heile 13 minutt framfor Sørlandet som tok 3. plass! Samla til slutt tok Kapitan Glowacki 1.plass, Radich 2.plass og Sørlandet 3. plass.

Etter regattaen sette me kurs mot Sirevåg, saman med sju andre majestetiske skuter. Og for ei oppleving det blei! Mottakinga i Sirevåg var heilt rå. Eg blei ekstra stolt over kommunen vår - heile besøket var prega av varme og begeistring. Det var over 2000 besøkande om bord, noko som gjer Sirevåg til ein av dei mest besøkte hamnene i heile sommartoktet - berre slått av éi hamn i Frankrike! Snakkisen om bord i dagane etterpå var nettopp: «Sirevåg».

Vidare segla me frå Sirevåg under nesten blikkstilte forhold, ei roleg og vakker etappe der Lindesnes fyr helsa på oss med tåkeluren.

Neste stopp var Merdø - ei idyllisk perle utanfor Arendal. Her hoppa me frå båten, bada, sola oss og vart frakta i land med småbåtar. Me kosa oss med

is - inkludert det som nok må vere Noregs dyraste lollipop til 49 kroner.

Turen enda i Kristiansand med ein flott avslutningsfest. Her vart det delt ut premiar, diplom og gode ord. Alle som hadde fullført regattaen fekk diplom for å ha stått til rors, gått sjøvakter, deltatt i seglmanøvrar, halde utkikk og gjennomført brann- og tryggleiksovingar - totalt 628 nautiske mil.

SØRLANDET-GJENGEN

På fullriggeren Sørlandet var det fem flotte ungdomar frå kommunen som hadde fylt 18 år og deislapp å ha med ledsager.

Dei gongene me var på land, var eg ofte innom for å slå av ein prat med crewet. Tilbakemeldinga derifrå var klokkeklar: ungdomane var godt likte av mannskapet. Dei var pliktoppfyllande, hjelpsame og alltid på plass før oppmøtetid. Alltid klare - og alltid på tilbodssida.

Me er alle einige om at turen var lærerik, minnerik og full av magiske augeblikk.

- Eit fantastisk mannskap, dyktige kokkar og utruleg trivelege medseglarar som var med og gjorde opplevinga uforgløyemeleg.

Ein uforglemmeleg reise, ei fantastisk kommune å bu i - og ikkje minst desse flotte ungdomane som gjer Hå til ein plass å vere stolt av. Det har vore eit privilegium å få vere med på denne reisa.

No håpar eg at det finst midlar for fleire ungdomsseglasar - eg ynskjer at mange fleire skal få denne moglegheita.

Takk til Sirevåg Vel som søkte Sparebanken Norge om 200 000 kroner for å finansiere medseglarprosjektet.

Beste helsing Annette Jensen Gimre



Her er heile bømte balletten samlas, klar til å reisa til Aberdeen havn.



Vi sov i hengekøyer



Annette Jensen Gimre, Ola Friestad - Bjerkreim, Leander Andersen Hølland, Brede Sola Gimre, Oline Stokkeland, Gina Salte og Jonas Him



Kaptein Gudrund og styrmann Sverre



Ola, Leander, Gina, Oline og Leo



Anton, Lasse, Sol Linea Lerbrekk, Sigurd og Adam



Guttane på Sørlandet. Adam Aarsland, Sigurd Skretting, Lasse Vollevik og Anton Brundtland Gustavson



Frokost. Før vi fekk frokost måtte absolutt alt ryddast vekk. Vi sov i hengekøyer så dei måtte hykkas ned, soveposane i skapet og klærna på.



Vi blei frakta i disse båtene for å kome oss til øya



Det var ingen kjære mor - kvar gang vi besøkte ei havn så måtte messingen pussast.

SOMMARKONSERT I VARHAUG KYRKJE

SUNDAG 6. JULI

Ein fin sommarkveld kunne me igjen glede oss over sommarkonsert med familien Haarr/Kjerkreit i Varhaug kyrkje. Dei var her sist sommaren 2022.

Konserten hadde denne gongen tittelen «Fra Bach til bedehus» II. Familien er: Helene Haarr, Halvor Kjerkreit og borna Peder (16), Tora Marie (15), og Signe (13). Både Helene og Halvor er utdanna operasongarar. Halvor er i tillegg bratsjist. Helene spelar piano og orgel. Tora Marie og Signe spelar fiolin, og Peder spelar cello.

Helene er oppvaksen på Hårr der foreldra Anne Sofie og Per har sunge og spelt mykje. I tillegg hadde ho farfar Lauritz som mange av oss i den eldre generasjonen hugsar godt som klokkar i kyrkja. I tillegg song han solo på møter og i gravferder. Mormor og morfar til Helene budde i Råde og gledde mange med song og musikk der i området. Nå bur familien Haarr/Kjerkreit i Råde, og dei har nå dukka ned i arven etter både mormor/morfar og farfar. Gamle songskattar som dei unge i dag ikkje kjenner. Men som me i den eldre generasjonen blir svært så glade for å høyre.

Helene er både døypt, konfirmert og vigd i Varhaug kyrkje. Så då er det ekstra gildt å kome heim og ha konsert for både slekt, vener og andre som har funne vegen til Varhaug kyrkje denne sommarkvelden.

Helene opna med *Preludium i a-moll BWV 569* av J. S. Bach på orgel. Deretter spela Halvor og borna ein dansk strykekvartett, Brudestykke. Elles spela kvartetten fleire fine musikkstykke, og dei avslutta med Gamal reinlender frå Sunndal.

Det var duettar der Helene og Halvor med songar som me skjeldan høyrer lenger.



Mellom anna: *O, la mitt liv om Jesus tale, Stille min sjel for Jesus, Hver og en har sin vei å gå, og Finns det liv på andra sidan død och grav?* Det var utruleg gildt å høyre att mange av desse songane der nokre av dei minner meg om teltmøtene som var på Varhaug i min ungdom.

Helene akkompagnerte på piano på desse duettane. Forsamlinga fekk og høve til å vera med og syngja på fleire allsongar.

Ein stor takk til familien Haarr/Kjerkreit som gledde oss med så mykje gild song og musikk. Applausen etter konserten sa at de er velkomen att med fleire sommarperler.

Brit Obrestad



VARHAUG
hud & fotterapi

HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut

Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no



• SERVICE • DELER
• REPRASJONER

ABRØR

Sørskogvegen 8, 4364 Sirevåg

Tlf 48 50 97 80

post@abror.no

SOMMAR/HAUST

Me er kome halvvegs i august, den siste av sommarmånadane. Ute minner det meir om haust enn om sommar. Tre og buskar er brune etter stormen. Og det ligg strødd med blokker rundt på plenen. Men etter som ekspertane seier så er visst årstidene litt i utakt. Vell, det har visst vore haustdagar i august før og, om ein grev litt i minnet. Grågåsa starta tur sørover i siste del av juli. Og staren samlar seg i dei gamle granane og skvaldrar og legg planar for ferda til varmare strok.

Juli ga oss i alle fall ein god dose med sommar endåtil her på Jæren. Det har rett og slett vore fantastisk. Ja, enkelte dagar så pass varmt at det var best i skuggen. Og eg som til vanleg treng mykje varme – eg har sykla turar utan ytterjakke.

Svalene mine, ja, eg kallar dei mine. For dei innrettar seg som om dei eig alt i fjøs/grishus og trur dei skal legge egg i starten av august og få ungane på vengene til tur heilt til Sør-Afrika før hausten kjem for alvor. Eg prøve og sei at det går ikkje. Ja, eg seier det med store bokstavar og øydelegg det reiret dei har begynt å bygge. Nå er det nok skit å sope vekk. Til neste år må eg visst få nett i vinduene. Ja, svalene er både fine og koselege, men det er faktisk ei grense nå. Eg skjønar at dei tykkjer det er greitt med reir inne så dei slepp regn. Men alle andre bygger reir i tre eller på bakken. Så kvifor gjer ikkje svalene det? Det var ein dag i slutten av juli det bles kuling frå nord. Då vagla svalene seg på lista over vinduene på loftet på sør. Der var det godt ly for vinden. Så dei veit å innrette seg.

Denne sommaren har eg hatt ein ny gjest i hagen; - stillits. Eg har sett fleire, så eg trur den har hatt reir. Den er vanskeleg å få auge på. Men den syng nydeleg frå tretoppen, gjerne i nærleiken av der eg held på med eit eller anna i hagen.

Det er koseleg med fuglane. Linerla er årviss med reir. Og den elegansen når dei trippar rundt på plenen er fantastisk. Den er faktisk litt selskapssjuk. Den likar godt når eg er ute. Sporv og pilfink har

minst tre kull i løpet av sesongen. Og dei likar å molde seg i blomebede. Det er hole etter dei over alt. Eg har faktisk sett at linerla og moldar seg.

Skittrosten har og fleire kull. I alle fall to. Her er mange tre å byggje reir i. Og den skjenne fælt om eg kjem i nærleiken. Eg likar betre svarttrosten, for den syng så fint.

Det er litt vemodig at sommaren syng på siste verset. Men samstundes er det slik at kvar årstid har sin sjarm, trur eg. Så får me berre gjere det beste utav kvar dag me får. GOD HAUST!

Brit Obrestad



SOMMAR MED 4H = SPENNANDE LEIRAR!

I sommar har 4H arrangert to leirar for medlemmane sine: aspirant- og juniorleir (for aspirantar og juniorar) og nordisk leir (for juniorar og oppover).

Årets aspirantleir vert som holdt ved Øksnavad vidaregåande skule. Leiren varte ifrå 13 til 15 juni.

Iløpet av leiren fekk deltakarane prøva seg på fleire kjekke aktivitetar, som for eksempel frisbeegolf, melking av ku og bading, berre for å nemne nokre ting. Men kva er vell ein 4H-leir utan volleyball? Fleire sporty medlem var med i leirens volleyballturnering, kor det var både god stemning og godt spel. Volleyballturneringa vert avslutta med ein jamn kamp mellom aspirantledarane og voksenledarane. Mellom alle kampane og aktivitetane hadde medlemmane moglegheita til å stikke innom kafeen og kjøpe både is og sjokolade (ein moglegheit mange utnytta).

Helga vert avslutta med premieutdeling til vinnarane av diverse konkurransar og til vinnarlaget i volleyballturneringa, før medlemmane så kunne returnere heim trøytte men fornøgde etter ei spennande helg.



Den 19 juli starta årets storleir. I år var det nordisk leir, noko som betyr at 4h medlem ifrå heile norden hadde moglegheita til å delta! Leiren varte i ei uke og vert i år heldt på Strömma Naturbruksscenter, som ligg ca 40 minutt ifrå Gøteborg i Sverige. Noreg hadde fått utdelt ca 600-700 av leirens 1000 plasser. Til tross for den 12 timers lange bussturen ifrå Rogaland til Sverige reiste ca 70 eventyrlystne medlem til vårt kjære naboland.

Iløpet av leiren var me for det meste heldig med vêret, med temperaturar på 26-27 grader og strålande sol. På kvelden når det vert litt kjølig kunne me gå innom miljøtorget (som for fyrste gong var i ein ridehall?) og kjøpe svensk snacks, delta i kjekke quizar, leirdansar, eller berre slappe av med ein runde kortspel. På leiren lærte me også mykje om svensk kultur (ABBA og IKEA). Når det vert holdt «svensk afton» så fekk me prøve på klassiske svenske köttbullar, høyre på svensk musikk og lære svenske dansar og leirtradisjonar. I tillegg fekk me prøvd ut fleire nye ting som natur-sti-quiz og menneske-ludo, kor me vert delt inn i gruppe på kryss og tvers av fylker og land. Noko som var veldig sosialt, og det var heilt spesielt å prøve å bli kjent med nokon samtidig som man triller ei gigantisk terning på eit stort ludo-brett.

På Onsdagen fekk me delta i ein aktivitet me sjølv hadde valgt når me meldte oss på leiren. Då kunne me for eksempel velje mellom å spele paintball, ro i kano, gå til Ramhultafallet, eller bruke ein heil dag i Liseberg! Etter ein lang (men flott!) dag kunne me returnera til leiren og sjå på Mamma Mia på miljøtorget.

Dei siste dagane på leiren vert det holdt volleyball turnering, kor 53 lag ifrå heile norden var påmeldt. Etter fleire intense kampar med både tap og seier så klarte eit av Rogalands fem lag å komme seg til finalen! Finalen resulterte, etter tre omgangar, i andre plass til Rogaland!

Leiren på Strömma var den første nordiske leiren Sverige hadde arrangert på 20 år, men var (i mi meining) ein stor suksess, og verdt ein 12 timers busstur.



Skreven av Stine Ånestad Vestly

GRAVLYS

Me veit at det for mange er viktig, og godt, å få setja ned lys på gravene.

Me veit og at me ligg midt i eit stort jordbruksområde kor bøndene slår gras til husdyra sine.

Difor ber me om forståelse for at me no forbyr bruk av lause gravlykter på gravplassane i Hå.

Alle kan framleis setja ned lys på gravene, men då i lukka lykter. På denne måten kan me saman bidra til at fuglane ikkje tek lyktene og slepp ned dei på kjelvene rundt gravplassane. Då slepp bøndene rundt oss å få plast og metall i siloen, som igjen går utover dyra.

Venleg helsing
Turid Boganes



DEN NORSKE KYRKJA



BYGGING AV SENIORHUSET, ER NOKO FOLK ER OPPTEKNE AV.

Mange ha klare formeiningar om kor dette bør vera. Dei fleste trudde dette ville koma på Ingrid-tomta. Men den skulle berre verta liggande, til rådhuset ein gong må påbyggast. Men kvifor bygga meir? I denne digitaliserte verda, treng ein vel ikkje klemma alle kontora saman i eit hus? Kva med å flytta teknisk, eller ein annan etat inn i det fine, gamle kommunehuset på Nærbø? Nå har me endeleg fått eit fint torg i sentrum, og der vil kommunen plassera seniorhuset. Og det er det ikkje mange folk på Varhaug som er einige i det. Og det er jo skikkeleg smart å ha Stasjons-pøbben som nabo. Både konsertane og fotballkampane på stor-skjerm, som vert arrangerte der, er ikkje akkurat lydlause.

Fleire har kome til meg og sagt: Det æ ein plass seniorbygget bør vera, og det er på austsida av brua der dei to gamle Skretting-husa ligg. Her er strake vegen ned til legekantoret eller til Velferdssenteret. Her slår man to fluer i en smekk:

Dei stygge husa kjem vekk, og me får eit fint bygg på toppen av Ånestadvegen, og så kjem dei låge blok-kene, som vart teikna inn for mange år sidan, vidare nordover. Her er og tomta så stor, at dei kunne fått til eit fint uteområde. Liv

VB VoldenTollefsen

W
Murmester
Waldeland & Dubland



Hørselsforbundet avdeling Jæren består av frivillige som gjør en viktig jobb for hørselssaken i ditt nærmiljø. Vi har blant annet likepersoner som er gode støttespillere for andre med hørselsutfordringer. I Hå er vi pr. i dag 3 likepersoner som en gang i måneden er på plass på Nærbø og Vigrestad, men skal nå også være tilstede på Varhaug. Vi regner med å starte opp 3. tirsdag hver måned mellom kl. 1230 og 1400 og vil da holde til hos Varhaug Bu- og velferdssenter i Skulegata 7 på Varhaug (heimesjukepleien). Starter då opp tirsdag 16.9. og fortsetter med 21.10., 18.11. og siste gang dette året den 16.12.

Undertegnede er utdannet likeperson og har erfaring med Meniere, tinnitus og høreapparat. Mye av arbeidet som likeperson er hjelp og stell med høreapparatene. Det kan være å skifte batteri, domer og filter. Ellers er det også en del hjelp til å kople smarttelefonen opp mot høreapparatet. I tillegg til dette kan vi også tipse om hva det finnes av hjelpemidler osv.

Nedenstående er klippet fra nettsiden til www.HLF.no

Har du hørselsutfordringer og vil bli kjent med likesinnede? Å snakke med en som er i lignende situasjon, er nyttig for mange. Alle våre likepersoner har tatt kurs og har taushetsplikt.

Hva gjør en likeperson?

En likeperson er et medmenneske som lytter og deler av egne erfaringer. Hørselsforbundets likepersonstilbud er et supplement til det offentlige rehabiliteringstilbudet. Hørselsforbundets likepersoner gjør en frivillig jobb og skal, gjennom sine egne erfaringer og kunnskap, gi hjelp som:

- være en god samtalepartner
- motivere til å bruke aktuelle hjelpemidler
- informere
- gi råd og veilede



Hørselsforbundets likepersoner har gjennomført opplæringskurs og er godkjente til å utføre likemannsarbeid innenfor den gruppen man har egen erfaring fra og er sertifisert for.

Likepersoner har taushetsplikt. Det koster ikke noe å benytte en likeperson.

En likeperson skal være bevisst sin rolle ovenfor det offentlige hjelpeapparatet og skal ikke gå inn i behandlerrollen. Det er brukeren som avgjør om han eller hun ønsker kontakt med en likemann.

Likepersonsarbeidet er frivillig og den enkelte likeperson kan sette begrensninger i forhold til hvor og når man ønsker å utføre likepersonstjenester.

Torodd Varhaug

Likeperson i Hørselsforbundet

Desse laga står bak Varhaugbuen:

VARHAUGBUEN

Varhaug bondelag,
Varhaug bygdeungdomslag,
Varhaug bygdekvinnelag,
Svala 4H,
Varhaug Misjonshus,
Varhaug Bedriftsforening,
DNT Edru Livsstil,
Vennelaget for
Lerbrekk Skule,
Elgane Motorsykkel klubb,
Varhaug Pensjonistlag
og Vennelaget for
Lennsmannsløå

Styre :

Leiar:

Glenn Skretting - bedriftforeninga

Sekretær

Per Arvid Jakobsen - Misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad - Lerbrekk skule

Styremedlem

Sondre Risa Ånestad - Svala 4H
Gro Ånestad Bratland -
Bygdekvinnelaget

1. vara

Tone Aanestad - Vennelaget for
Lennsmannsløå

2. vara

Eirik Høyland - Hå karateklubb



TUR FOR «VI OVER 60»

Turen i år for «Vi over 60», Varhaug Misjonshus, gjekk til Bjerkrheim 21 august. Me starta frå Misjonshuset kl 10. 30. For å få opp stemninga song me «Ein buss-sjåfør» og medan me kjørte vidare song me «syng i stille morgonstunder». Sigbjørn hadde då ein liten andakt og minna om Guds trufasthet og omsorg. Vidare gjekk turen til Vigrestad, Aniksdal og opp Matningsdal. Der guida Einar Matningsdal oss. Han var godt kjend, sidan han var fødd og oppvaksen der, så det var interessant å høyra på han. Rart å tenkja på at dei fekk ikkje elktrisk straum før enn ca 1954.

Så bar det til Birkeland i Bjerkrheim. Astrid Skjellbreid kom inn i bussen og fortalde om ein russisk fange, som hadde gøymt seg der på garden i ei fjellhole i 1945. Arkadij heite han og var fødd 17. januar 1920 i ein liten bysom heite Veselki. 20 år gamal møtte han på sesjon, og sidan han bare hadde 4 år med skulegang blei han innlemma i 2. Infanteri-divisjon, i Latvia. (Det er ein lang historie om det russiske militærsystemet). Men Arkadij kom til Norg som tysk fange på Forus. Derifrå rømde han, gjennom Sandnes til Undheim og vidare Søyland. Planen var å koma til Sverige, Men Jon Rosland fekk rå han ifrå det. Jon fylgde han til Holmahodel og så til Søyland i Gjesdal. Til slutt kom han til Birkeland, der Sigmund Skjellbreid, bror til Astrid tok seg av han. Det var slett ikkje ufarlig. Men med fare for sitt eige og familien sitt liv, gøymde han Arkadij i denne hola. Som seinare blei kalla Russarhola. Der var han frå januar 1945 til mai då krigen var slutt. Etter krigen samla Norske myndigheter saman russiske fangar i Rogaland. Ca 1500 stk., så då reiste Arkadij tilbake til Vatneleiren, og hamna etter kvart i ein arbeidsleir i Gorkij, i Russland. Det gjekk heilt til i 1960 før han fekk sin fulle frihet. Men i mellemtida hadde han fått såpass frihet at han blei gift, og fekk to jenter. Tatjana og Valensi. På grunn av ein konsert i Stavanger, der ein med eit russisk etternavn spelte, fekk Bjørn Bratbakk nøsta opp i denne historien mange år etterpå. Tatjana, dottera og barnebarna til Arkadij kom

på besøk til Birkeland i 2012. Det var ei underlig stund då dei stod i Russarhola og såg der Arkadij hadde opphølt seg. Astrid Skjellbreid og mannen besøkte døtrene i 2015

Akadij døde 27. februar 2007, 87 år gamal.

Heile denne historien ligg på nettet. Søk på Russefangen i Bjerkrheim.

Me beundra Astrid Skjellbreid som kunne fortelja så levande og intresant.

Oddgeir tok oss så vidare forbi Ivesdal kapell, og på vegen ned til Vigeså fortalde han om det stora vatnet som gjev vatn i springen vår. Me hadde ein god pause på Vikeså kafe, der me fekk kjøttkaker til middag + is og kaffi. Mange benytta anledningen til å ta turen i den fine FN parken rett attmed kafeen. Der står og ein stor stein som viser kor høgt vatnet stod i den store flaumen i desember 2015 og i 1992.

Planen var å kjøra til Soya gard etterpå, men me var så mette at me måtte drøya det litt. Så Oddgeir tok ein runde ned til Gjedrem og forbi forbi Bjerkrheimsgardane. Då tenkte me på Trygve Bjerkrheim som var derifrå, og det var godt å syngja «Han tek ikkje glansen av livet». Vidare bar det over heia til Kløgetveittunet, og ned Ognedalen. På Søya gard sto to damer og ynskte oss velkommen. Mange benytta anledningen til å «snopa», og sjå seg rundt. Medan me åt fortalde Anne Karin Høgemark Søyland om bedriften deira.

Om me var mette, smakte det likevel godt med kaffi og vafler. Men tida gjekk, og me måtte tenkja på heimveg. Den gjekk om Skurve, vidare om Sikvaland og Undheim. Litt av same leia som Arkadeij røymde.

Takk til alle som var med, og spesielt reiseledar Sigbjørn, og sjåfør Oddgeir Vigrestad.

Astrid G Varhaug.

NYTT FRÅ MISJONSHUSET

Hausten kjem sakte men sikkert. Og aktiviteten tar til gradvis. Byggjearbeid er fortsatt i gang, mest på dugnadbasis no. Det nye lagerromet er snart ferdig- og nye styrerom og grupperom og slikt er i slutfasen i 2. etasje utanfor ungdomssalen.

«Vi over 60» startar med tur til Bjerkreim onsdag 20. august og da er det påmelding.

Etter den turen vert det vanlige samlingar 1. og 3.dje onsdag i månaden i matsalen.

Det vert konsert med Morten Samuelsen fredag 24. oktober.

Og så vert det konsert med Sveinung Hølmebakk onsdag 10. desember.

Hausten er tid for basarar og julemesser. Misjonshusbasaren er fredag 12. september, Israelsmisjonen planlegg lotterifest og basar torsdag 23. oktober. NLM si julemesse vert 14.-15. november medan NMS si julemesse vert 21.-22. november.

Det kanskje viktigaste som planleggast i haust er Alpha-kurs. Det vil gje konkrete svar på spørsmål som «Finnes det en Gud?» og «Hva er meningen med livet?» Sentrum menighet inviterer til kurset som startar 8. september og har 10 samlinger

måndagskveldar og ein laurdag. Er du ny som kristen eller har tenkt å bli det eller vil få trening til å snakke om Jesus så er dette en god anledning til å delta. Du kan melde på med ein e-post til post@sentrum-menighet.no

Sjå elles program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Når byggeperioden nærmer seg slutt vert kontoret flytta tilbake til 2. etasje utanfor ungdomssalen.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er berre 1 time og ikkje ope i juli. Dei som har vakt vil viderekopla telefonnummeret til deira egne mobiltelefonar.

Hugs at ein kan tinga rom ved bruk av internett: https://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752 E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid



SPØD & DRØS

Hausten 2025

Velkomen til strikkekafe ved kyrkjekontoret på Varhaug.(Ånestadvegen 12)

Annankvar onsdag frå kl.11.00 – 13.00.

3. september, 17. september, 1.oktober,
15.oktober, 29.oktober, 12.november,
26.november, 10. desember

Du kan koma med eller utan spød.

Servering av kaffe og te. Ta med eigen mat.

Arr: Varhaug kyrkje

HÅPAR Å SJÅ DEG!



FRA HÅ TIL STORD



240 utøvere fra 16 klubber i inn- og utland

- ET AV SOMMERENS HØYDEPUNKTER – SOMMERGASSHUKU 2025

«Medlemmer fra Hå Karateklubb tilbrakte helgen på Sommergasshuku 2025 på Stord – med topptrening, sommersonne, sosialt fellesskap og nye grader i bagasjen hjem.»

Flere medlemmer fra Hå Karateklubb deltok helgen 13-14 juni på årets Sommergasshuku på Stord – en av årets største nasjonale samlinger for JKA-karate. Arrangementet samlet nærmere 240 utøvere fra 16 klubber i inn- og utland.

Deltakerne fikk trene under ledelse av Osaka shihan, en av verdens mest anerkjente karateinstruktører, som var tilbake på besøk i Norge. Han underviste sammen med sjefsinstruktør i NKA, Larsen sensei (7. dan JKA), og flere instruktører fra den tekniske komiteen. Det ble gjennomført varierte økter i kihon, kata og kumite, tilpasset utøvernes nivå og alder.

Flere av Hå Karateklubbs deltakere benyttet anledningen til å gradere seg, og kunne reise hjem med nye belter og stolthet over egen innsats.

I tillegg til treningen bød helgen på sosiale aktiviteter som bading, grillfest og hyggelige samvær på tvers av klubbene, med felles overnatting på Stord Ungdomsskole. Været var på arrangørens side med sol og sommertemperaturer gjennom hele helgen.

Hå Karateklubb vil takke Norwegian Karate Association, Stord Karateklubb, teknisk komité, og alle instruktørene og utøvere for en minnerik gasshuku! Klubben gleder seg allerede til neste gang!

Merete Grov Haugsgjerd



Stolte utøvere fra Hå Karateklubb fra Venstre : Ørjan Levang, Olav Sjøiland, her ved Larsen sensei, Osaka shihan, Johannessen Sensei, Ask Grov Haugsgjerd og Merete Grov Haugsgjerd



GRILLKOS, UANSETT VÆR!

Grillkvelden på Lerbrekk skule den 7. august 2025 ble nok ikke helt som planlagt værmessig, men det stoppet ikke den gode stemningen! Tanken var frisk luft og utegrill, men da naturen bestemte seg for å bidra med skyer og sønnavind, flyttet festen like greit innendørs. Været kan nok ha spilt en liten rolle for oppmøtet, men de 55 fremmøtte fikk det til gjengjeld både varmt og trivelig inne i varmen.

Som de siste nitten årene var det Arvid Varhaug, denne gangen med sønnen Leif på slep, som hadde full kontroll på grillmaten. Det er tydeligvis en Varhaug-

tradisjon som sitter i ryggmargen! Sigbjørn Varhaug ledet kvelden med stødig hånd og delte raust av historiske drypp fra både Varhaug og Trøndelag.

Det musikalske innslaget ble ivaretatt av Agnes og dei, som hadde fått med seg Thore Marton Sviland på sang. De sørget for at ingen sovnet i stolen etter maten. Mot slutten av kvelden ble det delt ut velfortjente blomster til alle som hadde bidratt til arrangementet. Den siste buketten gikk til Astrid og Sigbjørn, som i år feirer diamantbryllup! Imponerende! Kvelden ble deretter stemningsfullt avsluttet med Tobias Skrettings kjente sang «Kveld på Jæren».

Onar Paul Varhaug



HÅ SKULESJAKK

Skulesjakken er no slått saman med Jæren sjakkklubb på Bryne, og ein speler då fra 1800-1900 på onsdager på Bryne VGS i personalkantina i underetasjen i A-bygget.

Siden sjakkforbundene no er slege saman til eitt forbund, vart årsmøtet samde i at Hå skulesjakk sine samlingar på torsdager sluttar av til sommaren.. Og dei som vil spele får medlemskapen flytta til Jæren sjakkklubb og kan spele turneringar og få rating. Men Hå-meisterskapen vil me prøve å halde fram med i mars/april.

Under Varhaugmarken arrangerte me VM i utesjakk, og det deltok 8 spelarar i forskjellig alder. Her vart resultatene for dei tre beste:

1. Frode Hadland
2. Anna Lye
3. Onar P. Varhaug

Om det skjer noko i sjakk i Rogaland, kan du sjå på heimesida til Rogaland sjakk, <https://www.rogsjakk.rogaland-sjakk.org>

Elles kan du sjå på facebook sida til klubben, <https://www.facebook.com/hasjakk/>

SJAKK FOR ALLE

Jæren sjakkklubb held til på Bryne VGS og speler på onsdagar. Vi speler i personal-kantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1800 til bortimot 2200.

Årskontingent er kr 750 for voksen over 20 år, kr 350 for juniorer og 150 for yngre sjakkspelarar opp til 14 år. Då vert ein medlem i Jæren sjakkklubb og Norges Sjakkforbund og kan delta i sjakkturneringar overalt.

Siste speledag før sommeren var 11. juni, med klubbmeister-skap i lynsjakk. (ratet turnering). Det deltok 23 spelarar frå 5 klubbar.

1. Tyson Quang Hy Nguyen, Sandnes sk 10,5p
2. Anthony Khalife, Smeaheia SS 9.5p
3. Lukas Dominik Gåsland, Sandnes 9.5p
4. og klubbmester: Oskar Feed Jakobsen, Jæren sk 8.5p
5. og nr 2 i klubbmesterskapet: Elias Vigrestad Kristiansen, Jæren sk 8.5p
6. og nr 3 i klubbmesterskapet: Knut J. Hjørnevik, Jæren sk 8.5p

(ved lik poengsum er det kvalitetsberegning.)

Oppstart for hausten 2025 vert (ganske så sikkert) onsdag 27. august.

Velkommen til klubben. Klubben har egen internettside: <https://www.Jaerensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakkklubb». (sjå <https://www.facebook.com/jaerens/>)

Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid



TIRSDAGSSJAKK

9. sep., 14. okt., 11. nov. og 2. des
Kl. 11.45

Kom om du er nybegynnar eller har spelt mykje sjakk. Per Arvid Jakobsen frå Hå skulesjakk blir med og inspirerer oss. Berre stikk innom når du vil.

Biblioteket på Varhaug



Gratis

NYTT FRÅ LERBREKK

Ein kan kanskje undrast på om me i Vennelaget er kome litt utakt, for den 12. juni baka me lefser. Me trudde kanskje at det kunne kome noko besøkt av bussturar, men det vart



det ikkje noko av. Dei einaste som kom var nokre frå dagsenteret på Boas, Ålgård. Så nå er i alle fall lefsene ferdige til graudafesten. Dei få som var att frå i fjor serverte me på grillkvelden. Dei var akkurat like gode som nye, og dei som var på grillkvelden vart ekstra glade, trur eg. Ja, eg hørde omen av nokon som sa: -åh, lefser, herleg!

SUNDAGSKAFÉ

Det vert sundagskafé den **7. september, 5. oktober og 2. november kl. 14 - 17.**

Det er alltid koseleg med kaffi og drøs saman med andre.

Kunst og Kult kjem med si utstilling siste helga i oktober, altså **25. og 26. oktober.** Kor mange utstillarar som kjem veit me ikkje endå. Men sjå i Jærbladet «Det skjer» når det nærmar seg. Opplegget vert som tidlegare år med kafé av Vennelaget begge dagane.



Brit

TORSDAG 4.
SEPTEMBER
KL. 11.00
VARHAUG



Bibliotekdrøs

Har du lyst å treffa andre som er glad i bøker? Møt i biblioteket på Varhaug til ei uformell samling med presentasjon av bøker, godt drøs og ein kopp kaffi.



Gratis



Frøssanking

Torsdag 4. september
Kl. 18.00 på Varhaug

Gina Wigdel (@hagetrolle) gir smarte frøssankingstips og viser spanande frøksempel.

Samarbeid med Hå hagelag



Gratis

Meir info:





TUR PÅ VARHAUG

21. mai stilte 40 damer opp for å vera med på vandring på Varhaug. Detaljane kring turen, var ikkje kjente for deltakarane.

Så det var ein del gjetting om kva dei hadde meldt seg på. For oss som kjente programmet, var det interessant med alle dei kreative forslaga. Turen var som fylgjer: vi starta med komla hos Skrettingen. Der fekk vi, I tillegg til mat, orientering som bedrifta og historia. Neste stopp var rådhuset der ordføraren tok imot oss og orienterte om aktuelle saker I kommunen og særleg planar for Varhaug framover. Spørsmål var det tid til før vi måtte skunda oss til puben (litt lita tid for der skulle dei visa fotballkamp) Men, vi fekk då tid til ein kviss med varierte spørsmål. Neste stopp på turen var Ingrid Reiestad sin hage. I utgangspunktet er dette ein lun hage. Men, denne kvelden var ein slik kveld då det bles frå alle kantar. Vi blei servert forfriskingar av ulikt salg og hadde det ikkje vore for vinden, hadde vi vore der lenger. Det var difor godt å koma I hus, det vil seia I Bygdahuset. Der var Tor Ola som hadde ein koseleg minikonsert for oss før Leif Reiestad fekk ordet. Leif er ein utflytta varhaugsbu som mimra litt om gamle dagar i stasjonen. Han fortalte episodar som nokre følte for å korrigera litt.

Løye var det I alle fall. Nå hadde klokka passert 21 og dei som skulle overnatte, fekk beskjed om å vera med opp til Toppen, til Glenn og Berit. Kor mykje deltakaren sov der den natta, seier soga ingen ting om. Men, frokosten dei fekk servert neste morgon var fortrefteleg.

Astrid Skretting

BONDELAGET



Lageleg ver, vert sommaren 2025 huska som. Litt tørr vår, og så passeleg med nedbør av og til utover sommaren. I starten av august, fekk me litt vind, og så vart det tid for korn og halm. Grønsaker og grovforproduksjon er heilt avhengige av veret, for å kunna produsera nok mat til folk og fe. Dette året har vore veldig bra.

Rongjabekken er under utbetring for å betra levekåra for fisk og botndyr, i regi av Hå kommune. Dette er eit frivillig tiltak der kvar grunneigar sjølv bestemmer kor mykje dei vil gjera. Neste år går dei i gang med Nordre Varhaugelv, og så vidare sørover. Det er berre lov å arbeida i bekken ein kort tidsperiode om sommaren grunna fiskerogn, men eg tykkjer resultata vert bra.

Husk å setja av fredag 17. oktober til bondelaget sitt 100 års jubileum.

Håkon Varhaug

VARHAUG BONDELAG ER 105 ÅR

Varhaug bondelag vart stifta 29. juni 1920. På møtet vart standardframlegget til lover vedteke med ei lita endring.

Sekretæren i Rogalands landbruksselskap: H. Aanestad (seinare redaktør av Bondevennen) var med på møtet, og hadde foredrag om føremål og arbeid i landbrukslaga. Rasmus Varhaug skreiv referat frå møtet:.....»Aarspengene vart etter eit ordskifte med avstemming, sett til kr. 2, som vart innbetalte med det same og innsette i Haa Sparebank. Fraa ei tidegere landbruksforening stod det att kr. 8,25, saa no er der elt i alt kr. 44,25.»

Til styre vart vald: Kr. A. Skrettingland, Hans S. Aanestad og Rasmus Varhaug.
Varamenn vart Gabriel Aanestad og Tobias Ueland».

Varhaug bondelag sin jubileumsfest

Me vil feira 5 års forsinka

100 års markering!

Stad: Gamlesalen på Iden fredag 17. oktober 2025.

Dørene åpner kl. 18.30.

Konferansier

Bothild Nordsletten

Kåseri

Sjur Håland

Festmiddag/helsingar

Underholdning

Dag og Stasjonsungane

Kleskode:

Fine klede

Ooo00ooo

Påmelding Olav R. Husveg 416 90 317 – epost: olavhusveg@yahoo.no

Arild Helland 916 80 688 – epost : arildhelland@hotmail.com

Pris/pers kr.300 medlem – kr. 350 ikkje medlem.

Vipps 610721 Varhaug bondelag -Konto 3335.30.90424

Håper mange har lyst å vera med på feiring.



VARHAUG BYGDEKVINNELAG 90 ÅR



Varhaug bondekvinnelag vart stifta 28. november 1935. Det var bondelaget, som bygda hadde hatt i 15 år, som puffa på for å få eit bondekvinnelag i bygda.

Eg tek her med referat frå det fyrste møtet:

«Den 28. november 1935 var kvinnene i Varhaug samankalla på Varhaug forsamlingshus for å skipa bondekvinnelag. Ein begynte møtet med å synga Gud signe vårt dyre fedreland.

Tre tilreisande var komne: Frk. Guri Aanestad, Stavanger styrte møtet. Fru Jakobine Tjensvoll held foredrag om arbeidet. Fru Anna Sandved frå Høyland las opp lovane og held fram alle dei gode ein kunne få gjort i eit slikt lag.

Så fekk ein kaffi. Mat hadde kvar med seg. Peter Vagle sa og nokre ord om kor godt arbeid det var. Karfolka gjekk då innteikninga og valet tok til. Ca. 20 teikna seg.

Til formann vart vald Hanne Varhaug. Dei ande i styret er; Anna Lerbrekk, Kristina Voll, Johanna Husvegg og Ingerd Aanestad. Berre 50-60 var til stades. Månemørkt og regn gjorde vel sitt til at så få møtte.

Dei som teikna seg på fyrste møtet var: Ingerd Aanestad, Hanne Varhaug, Marta Stokkeland, Elisa Djøseland, Anna Lerbrekk, Seline Figgene, Ingeborg Lerbrekk, Hanna Reiestad, Magli Varhaug, Berta Skretting, Kristina Reiestad, Margreta Aanestad, Johanna Husvegg, Kristina Voll og Taletta Håland.»

Kurs av ymse slag har i alle år vore ein del av bondekvinnelaget sitt arbeid. Vevkurs har det alltid vore stor interesse for. Det første kurset vart halde i januar 1936 med 14 elever, og med Sofie Auestad som lærar. Her fekk ein veva kåpe, kjole og dresstøy, gardiner, dukar, serviettar mm. Etter at kurset var ferdig, var det fest med utstilling av dei vevde tinga. Ca 100 var på festen – menn og.

Kvar elev betalte kr. 4,50 i avgift, og ein fekk dekkja 75% av lærarløna frå fylkesskulestyret og 50% av utgifter til hus og straum frå kommunen.

Resten av utgiftene med kurset vart dekkja av det som kom inn ved utlodning på avslutningsfesten.

Medlemsmøta vart haldne rundt i heimane. Den første tida varde møta frå kl. 20.00-22-23.00. Medlemane var alltid ivrige med handarbeidet.

Kaffi og mat var då som nå, viktig for å få drøset godt i gang.

Den første tida vart laget kalla «Kvinnelaget» - bondekvinnelaget vart dei kalla seinare, etter krigen.

Alt i september 1935 vart det vedteke å velja 2 kvar gong, som skulle syta for underhaldninga til møta. Dette var til vanleg opplæring av ymse slag.

Liv.

PLAN FOR HAUSTEN I BYGDEKVINNELAGET

Medlemsmøter

- | | |
|----------------------|--|
| 28. august | Basar |
| 25. september | Årsmøte |
| 30. oktober | Psykolog kjem og snakkar om endringar i løpet av livet |
| 27. november | Julemøte/jubileumsmøte
Vi markerer at laget er 90 år i år |

- Vi vil arrangera fyrstehjelpskurs i lag med Folkehjelpa
- Vi vil og arrangera kurs i flatbrød, potetkaker ...
- Alt blir annonsert på plakat på Spar og Extra

HJARTEPULS

Onsdag 29. oktober kl. 19.00 i Varhaug kyrkje

Velkommen til lovsangs- og delekveld i kyrkja. Her vil du få bli leda av dyktige musikere i lovsang, og det vil vera rom for å dela det ein har på hjarte. Saman vil me syngja både kjente og litt meir ukjente sanger - og me vil få tilbringa ein kveld saman med fokus retta mot Gud.

Arr: Varhaug kyrkje og NMS Varhaug

Bondefesten 14/2 1946

Velkommen til fest
frå aust og frå vest
Til kvardags me yrker på kvar sin stad
Ikvell vil me samlast i hyggeleg lag
Mange lange år har gjeunge
sidan sist me samla var.
Mykje vondt me hev aa minnast
men og sumt som byrgskap gjev

FRÅ BONDEFESTEN 16. FEBRUAR 1946, SKRIVE AV KARSTEN ÅNESTAD, TRUR HAN VAR LEIAR I BONDELAGET

Velkommen til fest frå aust og frå vest.

Til kvardags me yrker på kvar sin stad, i kveld vil me samlast i hyggeleg lag.

Mange lange år har gjeunge, sidan sist me samla var.

Mykje vondt me hev å minnast, men og sumt som byrgskap gjev.

Noreg under jernhæl låg, for ei valds-makt sterk og stor.

Men dei greidde ikkje tyna motet hjå den norske løva.

Folk vart fengsla, gardar herja, ragnarok me tyktest sjå.

Men på same tid vaks trua på at fridomen kom att.

Nå kom jorda atter til æra, mange fold ho måtte gje

For ho livet skulle berga åt eit folk i svolt og naud.

Du heilage jord, som ofte vart vanvyrd og spotta.

Frå deg er no komen alt liv her på jord, og frå deg heve alt si føda.

Å dyrka deg krev både arbeid og sut, men løna er skaparens gleda.

Når engene duvar i sommarglad bris, når kornet med hovudet luter.

Når ugras ei finns i poteter og slikt, og alt teiknar nå til det beste,
har bonden ein hugnad så snart han går ut og ser over bøane sine.

Ja, det er vel hugnad og sjå kor det veks på jord som ein sjølv har dyrke.

Men hugnaden lett kan gå over til sut, når arbeidet opp seg hopar,

For mannskapet ofte forlite er, på fellesferie han ei kan tenka.

Skal bonden få den rett som han bør, må alle einige standa.

Å krevja sin rett, når ein gjer si plikt, kan ikkje for mykje vera

Så fylker me oss i ein flokk så sterk, at den kan få noko å seia.

Så vil me ynskja at alle må få, ein hyggeleg kveld her i salen,

Og så dessutan eit minne godt, som rett kan eldna og styrkja.

Så går me til arbeid med von og tru, for Noreg oppatt å bygja.



FLAUMSIKRING LANGS VARHAUGÅNA


Dei som går tur langs Varhaugåna på Varhaug har merka godt at det har føregått ein god del arbeid her mellom jernbanebrua og Opstadvegen. Ein del av Møllevegen har vore heilt stengd i juli månad. Turgåande har likevel kunne koma forbi. Me er nå kome eit stykke ut i august og det nærmar seg ferdig fram til Ånestadvegen. Det er eit omfattande arbeid. Det er bygd ein mur ved jernbanebrua som skal hindra at vatnet går over vegen når det er flaum. Åna er reinska godt opp i og det er lødd opp med stein på nordsida. Det ser ut som åna har vorte skikkeleg brei og god. Me får håpe at endene finn vegen attende når arbeidet stilnar av og alt vert normalt att. Eg trur nok at fuglane som held til i nærleiken av

åna er blitt litt forvirra. Eg har ikkje sett raudstelken i år. Men kanskje eg ikkje har vore på tur i rette augneblinken.

Gangstien vart godt opprusta i fjor, så nå verte det skikkeleg bra. Det er jo ein kjempefin plass å gå tur langs åna. Det er å høyre på vatn som sildrar og renn eller brusar i flaum, gjere godt.

Brit Obrestad

**HERREDSVELA
TRANSPORT**
TLF: 900 75 500
Vi løser det meste innen kranbil
jorgen@herredsvela-transport.no



**HELLA
MASKIN AS**

**Varhaug
Park & Hage**

Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no



LITT OM KVA SOM RØRER SEG I HÅ HAGELAG

I skrivende stund sitter jeg i Lønstrup i Danmark.

Tradisjon tro har eg vært i Odense på Odense Blomsterfestival, en kjekk happening å få med seg. I år fekk eg med meg et foredrag om Bonsai i tillegg til alle utstillingene rundt om på torget i Odense. Var og heldige med været - 25 grader og sol, så litt sydenstemning i Danmark.

Me i hagelaget går en aktiv haust i møte. Starter med besøk hos Blomivase på Særheim i august. Ellers har en del medlemmer allerede vært på tur sammen med Klepp hagelag nå i august. 4. september kan du lære å samle frø, Gina Wigdel kommer til Biblioteket på Varhaug for å lære oss om frøsamling. Syns du dette høres interessant ut er det bare å koma.

Meir info finn du på Facebook på Hagelaget eller Hå folkebibliotek. 11. september tar me turen til Anda Blomstergård på Klepp stasjon og 20. september har me stand på Hå sjukeheim.

Ellers har me fleire spennende møter ut over hausten.

Om du har lyst å finne ut meir om det som skjer i hagelaget er det bare å følge oss på Facebook - Hå hagelag - der finn du meir info om arrangementene våre.

Alle er hjertelig velkomne på våre arrangement.

May Helen

HAGEAVFALL I VARHAUG

Hå Kommune har fått i stand en glimrende ordning med deponi for hageavfall i Tjemslandsmarka Industriområde, Varhaug. Hå Kommune ber om at **INGEN** kaster fra seg plastsekker i deponiet. 😞 Se bildet. Ved siste besøk så det slik ut, flere sekker lå blant hageavfall.

Det er tydelig informert i tekst på et gulfarga skilt om at plastsekker IKKE skal kastes så hvis noen har problem med å lese, forstå eller ta innover seg budskapet, vennligst kjør til «Pynten» på Nærbø. Der er det alltid hjelp å få når en er i tvil om hvordan avfall skal håndteres.

Støtt opp om en god ordning, ta plastsekken med heim og kast den i dunken for restavfall !

Rune Odland



Nostalgi

Når det går mot haust og kornskurd, då kriblar det i kroppen min. Eg har vore så mange år i den bransjen, på ulike vis. Mange tankar fer rundt då.

Arvid, son vår har og stor sans for «det som eingong var». I dag er han eigar av ein Volvo ST 257 skur-trøskjar frå 1964. Den vart starta opp ein kveld (18. august) for å trøskja ein liten åkermole han har i Nøre Holmen, Varhaug. Det samla ein del «skuelystne», av blant anna frå «Gammel traktorens venner».

Ein av dei frammøtte var, Olaus Kvål. Han hadde brukt denne Volvo trøskjaren i mange år, då han arbeide på Stamsædgarden til Felleskjøpet på Klepp. For meg vart det godt å møta att ein kolega, som det heiter. Eg har sjølv vore tilsett i Felleskjøpet i 30 år, ved Varhaug Mølle. Minnene vakna på ny, både hjå han og meg. Me fekk ei koseleg kveldstund saman.

Men sjå meg går tankane langt bakover i tid, 60 år og endå lenger. Den gong bugna heile Varhaugsbygda av kornåkrar. Endå til Ualand og Elgane-gardane dyrka korn. Då vart det hausta med Sjølvbindar, og kornbanda hengt på hesjar til tørking. Eller «ståbla», det betyr kornbanda stod oppreist på bakken i større buntar. Dette fungerte om veret var godt i lengere periodar. Så var det «å la», kjøra kornbanda inn i løa og trøskja der. Alt kornet vart då samla i sekker, for å leigemala på den gamle mølla på Varhaug. Leigemala betyr at bøndene fekk mjølet heim og brukte det i foret til dyra.

I 1972 sto den nye mølla klar til bruk. Nå vart det og ei ny tid, med tanke på korntank på sjølgåande trøskjarar. Palle og Paul Håland, Dagfinn Djøseland på Mæland, Egil Håland, Gustav og Edgar Varhaug, desse hadde vel «si glanstid» i desse åra, med å gå rundt å trøskja åkrane rett frå marka. Nå var kornet så fuktig at det måtte rett på mølla for å turkast, i gassfyrte turkar. 3 slike på den nye mølla.

Det var i denne samanhengen eg fekk arbeid i 1985 på Varhaug Mølle, som Felleskjøpet nå var eigar av. Asbjørn Dyngeland var den som annsette meg, og Ragnvald Bratland var den som lærde meg opp. Her vart eg verande i 30 år, til 2015, då vart mølledrifta slutt på Varhaug, og eg pensjonist. Ja, ja--men har me kornåkrar vert det halm og. Me hadde eit halmlutings-anlegg i Bodle («Ludå») som behandla halmen slik at dyra kunne få nytta ut meir av næringa, som låg «bunnen» i dei stive halmstråa. Halmen vart



pressa i små flate ballar som passa inn i lutesystemet. Det var slutt på lutesystemet i 1982. Dei siste 5 driftsåra arbeide eg på Luta.

Det er «løye» å tenkja tilbake på alt det ein rakk over, samstundes som ein og dreiv eigen gard. Men så hadde ein kåna som «bare» var heimeverande, som det heite i den tida.

Eg fekk spørsmål frå Gustav og Edgar om å kjøra halmpressa for dei, og det gjorde eg i ein periode. Det var travelt, men gildt. Var det godt ver kjørde me dag og natt. Kjellaug Marie, styrde både Gustav, Edgar og meg i kornsesongen. Ho tok imot bestillingane, og planla kor me skulle utføra jobbane. Det var jo ingen mobiltelefonar i dei dagane. Men det «funka» godt.

Eit par minne frå Mølla:

Ein dag ein bonde kom med kornlasset sitt, var kona hans med i traktoren. Ho hadde så hug til å sjå korleis det var inne i mølla. På dette tidspunktet låg ca 800 tonn ferdigturka korn på lageret. Då spør ho: «Kan eg gå opp der på høgda «landgangen» og stupa i kornet?» «Ja, men på ein betingelse», sa eg. «Du må få ut att alt kornet du får på innsida av klærne før du går». Ho hoppa. Renselseprosessen eignar seg ikkje til å skriva om her.

I fleire år hadde me besøk frå barnehagar. Då hadde eg samla med meg forskjellige mjølposar heimafrå. Hadde så hug til å læra dei små om korleis kornet kunne verta til brød» skjeva» på bordet. Ein gong spurde eg flokken om dei kunne «jissa» kor gamal eg var. Svaret kom kontant: 140 år.

God haust.

Helsing Sigbjørn Varhaug



OLSOKGUDSTENESTE VED VARHAUG GAMLE KYRKJEGARD

Tradisjonen tru er det også i år Olsokgudsteneste på den gamle kyrkjestaden nede ved havet på Varhaug. Det har blese kraftig heile dagen. Men temperaturen er mild og regnet fråverande. Så då er det berre å setje seg godt til rette i hagestolen eller på sitjeunderlag på marka. Markeringa av Olsok er til minne om Olav den heilage sin dødsdag i slaget på Stiklestad i 1030. Feiringa tok for alvor til ved 900-årsjubileet for slaget på Stiklestad i 1930.

Her er det himmel og hav som er albertavle. Det er godt frammøte frå heile kyrkjelokket i Hå, og sikkert frå andre kommunar og. Nokre har gått pilegrims-turen frå tusenårs-plassen på Obrestad og til Varhaug gamle kyrkjegard.

Reidar Varhaug får til nokre ding-dang med den gamle kyrkjeklokka i kapellet. Trompetist Espen Behrens spelar eit Preludium av ein kjent tone, men eg er ikkje i stand til å kome på tittelen. Espen Behrens leiar og salmesongen med trompeten sin. Soknepresten i Nærbø, Vidar Søyland Pettersen leiar gudstenesta. Soknepresten seier at han i ei veker tid har sjekka Yr for korleis han skal tilpassa gudstenesta etter veret. Han innrømme at det har vorte ein deil skiftingar undervegs. Så nå blir det som det blir.

Inngangssalmen er *Det kom et gledesbud til dette landet, et ord om livets Gud, den ene, sanne.*

Preiketeksten er henta frå Lukas 22,24-27. Her blir me minna på at me ikkje skal samanlikna oss med andre. *Jesus seier: For kven er størst, den som er gjest ved bordet, eller den som er tenar? Er det ikkje gjesten? Men eg er midt iblant dykk som ein tenar.* (Luk 22,27)

Avslutningsalmen er *Fagert er landet du oss gav, Herre, vår Gud og vår Fader!* Og landet og Jæren er verkeleg fagert her nede ved havet denne kvelden. Espen Behrens spelar til slutt *Postludium over Sommernatt ved fjorden* av Ketil Bjørnstad. Så då er det berre å gå inn i sommarnatta ved havet.

Brit Obrestad



挪威红牛鲜牛奶

Jo, det er kinesisk og betyr «Norwegian Red Cow Fresh Milk». Det er den kinesiske meierigiganten New Hope Dairy, som står for lanseringa av det dei kallar eit

Premium meieriprodukt frå NRF-kryssingar.
Først mjølk, så yoghurt.

Marknadsføringa er retta mot unge kinesiske forbrukarar. Selskapet løftar fram mjølkkekvalitet, høg næringsverdi, god dyrehelse og langvarig yteevne, samt ansvarlege driftssystem som NRF-kryssingane sitt fortrinn.

- Kinesarane er svært opptekne av ein sunn livsstil og god helse, og ser faktisk til dei nordiske landa, spesielt til Norge, seier Oda Christensen i Geno, til Bondevennen.

I Kina er det holstein som dominerer, og meieriindustrien er organisert slik at dei ulike meieriselskapa eig heile verdikjeda, heilt frå fjøset og dyra til industri og distribusjon.

At NRF-kua er raud, kan bli ein jokar i satsinga.

- Raudt betyr lukke, pengar og økonomi. I tillegg har produsenten inkludert ordet Telemark på flaskene. Det minner om eit kinesisk ord som òg bringer lukke, seier Christensen.

Tekst: Liv Kristin Sola, Bondevennen

Foto: Geno



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



FARGERIKE
Halvorsen

GJENNOM SMERTEN - TEMAKVELD



Photo by Mayur Gala on Unsplash

12. november kl. 19.30 i festsalen ved kyrkjekontoret

Elisabeth Fosse kjem og fortel korleis ho gjennom sorg og smerte har fått erfara ein stor og mektig Gud som er med midt i smerten. Og korleis lyset er sterkare enn mørket.

Hennar forteljing bær med seg sorga over ein bror som døyr som barn, ein far som vert sjuk og døyr medan Elisabeth er ung vaksen og tapet av ei søster, svoger og ei niese i ei trafikkulykke i 2005. Den handlar og om å ha eit kreftsjukt barn og om korleis det var å adoptera søstera sine to barn som og var med i trafikkulykka. Men historia handlar og om korleis Elisabeth har funnet styrke gjennom trua si - og korleis ho har erfart at Gud er med gjennom smerten.

Elisabeth Fosse er oppvaksen på Varhaug. Ho er gift med Svein, har fem barn og bur no på Undheim.

Arr: Varhaug kyrkje



TEMAKVELD

Våre Lutherske røtter

Onsdag 17. september
kl. 19.30 i festsalen ved
Varhaug og Ogn kyrkje-
kontor

Marthe K. Ø. Primstad vil
snakka om våre Lutherske
røtter.

Kaffi, te og litt attåt.

Alle er hjerteleg velkomne!

Turid Boganes
Dagleg leiar Varhaug sokn

Esso **Varhaug Servicenter A/S**
Tlf. 51 43 02 33 • 4360 VARHAUG

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED



PENSJONISTFORBUNDET VARHAUG

Pensjonistforbundet Varhaug på Vigrestaddagene 15. - 16. august 2025

På standen fra venstre Magnor Ånestad, Bjørg R. Håland og Johan Skorán.



Fredag 15. august kl. 13.00 «flyttet» Gjertrud E.H. og Bjørg M. R. inn på standen vi hadde fått tildelt av Gunn Mæland, styreleder for Vigrestaddagene. Her var det bord og stoler på plass, det gjorde det enkelt å få tingene våre på plass. Fredag åpnet Vigrestaddagene KL. 17.00. Ute var det kald vind, men inne i teltet hadde vi det godt.

Vi flyttet inn i teltet sammen med ti forskjellige andre lag som hadde satt opp stand. Noen hadde strikket og sydd kjoler, luer, gensere m.m. som de ville selge. Noen hadde satt opp stand for lag og organisasjoner som Røde Kors og LHL. Det var mye spennende å kjøpe og sjå.

Lørdag morgen kl. 09.00 var vi på plass på Misjonshuset på Vigrestad , der blei det servert gratis frokost. Det var en flott start på dagen. Bodene åpnet kl.10.00. Då var vi klar til å ta imot unge og eldre som passerte standen vår. Vi hadde tatt med kaffe, kjeks og litt snop. Vi hadde og laget en konkurranse der forbi-passerende kunne gisse vekten på en stein. Premien var et gavekort fra slakter R. Skretting , Varhaug, på 200 kr. I alt var det 135 som gisset på vekten av steinen som hadde en vekt mellom 0- 500 gram. Kun ett menneske tippet heilt rett. Det var Liv Anne Vold, som tippet steinen på 222 gram. Liv Anne stod på stand for Røde Kors rett over standen vår. Det ble stor jubel då ho fikk overrakt gavekortet. Vi hadde en god stand der mange var innom. Vi delte ut flere brosjyrer, og snakket varmt om fordelene ved å være medlem i Pensjonistforbundet Varhaug. Vi hadde en fin fredag og lørdag på torget i Vigrestad sentrum.

Bjørg M. Reiestad

**HUSK Å BENYTTTE
DEG AV
MEDLEMSFORDELENE
DINE!**

STYRET I PENSJONISTFORBUNDET VARHAUG 2025



Oddny Søyland
styremedlem



Johan Skoran
vara



Bjørg R. Håland
kasserer



Aud Torunn Hobberstad vara
og Oddbjørg Skrettingland vara



Bjørg M. Reiestad leder, Gjertrud E. Hobberstad sekretær,
Ingvar Reiestad styremedlem, Magnor Ånestad nestleder



Oddny og
Oddbjørg
nyttet tiden
til å strikke,
Gjertrud
holder dei
med selskap.



Aud Torunn er alltid
klar til å hjelpe til.

Varhaugmarken ble i år arrangert 30.- 31. mai 2025

I år hadde Pensjonistforbundet Varhaug fått tildelt en liten «flek» inne i teltet ved bak LHL !! Konkurransen ble det like fullt. «Kor mange drops i glasset» vart vunne av "Nikken te Pedi", som gissa akkurat på tallet 68. Gavekortet fra slakter R. Skretting på 200 kr. ble hans. Vi fikk et nytt medlem, så pr. 10. juni 2025 har vi 199 medlemmer i Pensjonistforbundet Varhaug.

B. M. Reiestad

Program for høsten 2025

Tirsdag 2. sept.

Dagstur til Ryfylke
Har sendt SMS til medlemmene og hengt opp plakater med orientering om bussturen.

Tirsdag 28. okt.

Foredrag av Odd Erik Hansgaard leder i Eldreutvalget i Rogaland «Den skremmende eldrebølgen»

Tirsdag 30. sept. kl. 17.00

Foredrag av tante Torbjørg Haugen, kokka til Erling Braut Håland. «På tur med tante»

Tirsdag 25. nov.

Middag m.m. på Jærgarden Kvalbein kl. 17.00
Underholdning av søstrene Øvergård, Marianne, Liv og Mona

UGRAS I SENTRUM

I løpet av to timar på måndag, møtte eg to personar, som begge sa: «He du sett alt ugraset i sentrum? Dette må du skriva om i bladet».

Ja, nå gjer eg det, og slik seg det såg ut ein kveld eg gjekk ein foto-runde. Når hus berre vert ståande «utan noko innhald», vert det ofte slik. Men her var det litt meir. Trudde mest me hadde nok av slikt rett over jernbanebrua? Har ikkje kommunen noko ansvar med koss det ser ut i sentrum? Liv



... SÅ LITT MEIR SYT

Veit ikkje kor mange gonger eg har skrive om alt som burde vore gjort nede på den gamle kyrkjegarden, ikkje minst med kyrkjebygget. Det er rust over alt. Og den oppslagstavla burde og vorte fiksa opp litt. Og så må eg og ta med alt ugraset som veks langs steingarden mot Håkon.

Trur dette er ein av dei mest fotograferte stadane i kommunen, så her burde snart kommunen sine folk fått fiksa opp både med rust og ugras. Litt ny grus på parkerings-plassen hadde og vore gildt.
Liv



VARHAUGMARKEN

Som mange andre år, var me og heldige med veret. Og marken gjekk sin gang frå starten med «ongaløpet» på fredag, til slutten med preika på sundag.

Ekstra gildt tykte eg det var, sidan Jærhatten hadde invitert danske hatte-damer denne helga.

Og dei fulle av lovord om desse dagane. Det var fleire som sa at dette var det gildaste hatte-treffet dei hadde vore med på. Eit par var til og med på preika på torjå, før dei reiste heim til Horsens. Det er der det årlege Landshattetreffet sal vera til neste år.

Liv

BØEN

Ein årelang tradisjon på Varhaug er over. Frå butikken som starta i 1924, til det vart slutt på kiosken i år. Men heldigvis, ser det ut som me framleis skal få kjøpa eit eller anna i det huset. Nye eigarar er kome til, og det er gildt. Men eg tykte det var betre å skriva om dei i neste nummer, som kjem ut før advent.

Då reknar eg med at dei «he vorte litt meir vande mæ» Varhaug, og arbeidet som kioskeigar.

Liv



Føremiddagskaffi

Torsdag 2. oktober Kl. 11.00

Varhaug

Gaute Øgreid Rasmussen kåserer om
"Bangladesh – menneske eg møtte".



Kom og prøv deg
på enkle
hobbyaktiviteter.



Lagedag på Varhaug

Kl. 15.00–17.30

Onsdag:
5. november
12. november
3. desember
10. desember



Forfatterbesøk av Svanhild Olianna Nessa

Torsdag 16. okt. Kl. 18.00

Varhaug

«Det fargerike åkledet» er ein gjennomført og rik historisk roman, der spennet mellom den norske bondekulturen og den amerikanske draumen vert vist fram. Spanande plott og levande språk gjer bok til ei skattkiste for lesaren.

Arrangementet er eit samarbeid med Hå Mållag



Gratis




Presentasjon av nyare litteratur for vaksne

Torsdag 20. nov. Kl. 18.00

Varhaug

Treng du lese- eller julegåvetips? Marit Nygård frå Norli kjem til biblioteket på Varhaug og presenterer eit utval av bøker frå i år. Alle får utdelt lodd og blir med i trekning av premiar.



Gratis



NYBYGGET I TJEMSLANDS-MARKA INDUSTRIOMRÅDE



Ved årsskiftet kom det opp ett nybygg i Tjemslandsmarka Industriområde. I bygget «mot Bueveien» Her er det Link Betong as som er en leverandør av bla. betongspalter, prefabrikkert betong, samt dører og vindu til landbruk og næringsbygg over det meste av landet er lokalisert.

Link Betong as ble etablert i 2014 av Kjell Inge Hope og har hatt en jevn vekst i alle år.

Den 01.04.25. Ble driftsselskapet overtatt av to ansatte Hans Petter Myhrås og Asgerd Strømsvik som har lang erfaring med prosjektering og leveranser til landbruksbygg.

Så selskapet er godt rigget for fremtidig vekst.

Tilbake til nybygget i Tjemslandsmarka 5. Utbygger er Damby Eiendom as v Kjell Inge Hope. Dette er ett seksjonert bygg med høy standard med to ledige seksjoner for salg, eller utleie som kan kunde tilpasses. Der vi vil ha inn «samarbeidene firma» så en kan få «samdrift effekt» i markedet.

Så er det noen som går med «en grunder ide» eller er i drift og vil ett steg videre, så er det bare å ta kontakt.

JÆRTREFFET



Velkommen til danse og spillemannsfest - Jærtreffet 19.-21. september.

Sted: Varhaughallen. Pris kr. 250 pr. kveld eller kr. 450 for hele helgen.

Bobil-parkering inkl. strøm, dusj og toalett. Torsdag-søndag kr. 700. fredag-søndag kr. 650. 1 døgn kr.400.

Lørdag fra kl. 12.00-16.00 er det salg av kjøttkaker. lap-skaus, kaker og kaffi. fredag og lørdagskveld er det også salg av varmmat.

Allsang med Jærbelgen lørdagen kl. 13.00 er gratis.

Bobil-bestilling: Siv Varhaug tlf 990.29216 Epost:sivvarhaug@lyse.net.

For meir informasjon: Facebook---Jærtreffet 2025.

STOFF-FRIST


Stoff frist for neste blad er

31. oktober 2025

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller leggja det i postkassa til Liv.



Det bles heftig i går. Endåtil svalene søkte live i lista over vinduet.



En alliansebank i eika.



Vi sponser, støtter og heier

Gode lokalsamfunn trenger idrettslag, idrettshaller, korps, bondekvinner, ungdomsklubber, bedehus og andre miljøbyggere.

Jæren Sparebank heier på frivilligheten.

Telefon 915 03 290
www.jaerensparebank.no



Lotusgrill Flere farger.

Liten	2290,-
Medium	2990,-
Stor	3890,-



Termoflaske

0,5 liter. Rustfritt stål.
Holder drikke varm 12 timer og kald 24 timer.



Collegegenser

"Eg støtte norsk landbruk". Design av Anette Moi. Unisex størrelse. Finnes i fargene beige og grønn.



Velkommen til BondeKompaniet Varhaug
Åpent 8-17 (9-14)

Forbehold om trykkfeil og utsolgt

bondekompaniet.no